

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 26/25
REGULERING AV FISKET ETTER LODDE I BARENTSHAVET
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

Dersom det blir opna for fiske i 2026 ønsker Pelagisk Forening at fordeling mellom gruppene blir som for tidlegare år.

Pelagisk Forening ønsker at reguleringa blir vesentleg forbetra i høve til reguleringane tidlegare år.

Som kjent skjer fisket etter lodde i eit kort tidsrom. Dette avhengig av innsiget, og kvaliteten på fisken. Mange av fartøya har heimehamn langt frå felta, og for mange er det svært ønskeleg å ikkje måtte gå to turar frå heimehamna til Barentshavet. Det fordrar en god regulering med færrest mogelege endringar undervegs. Samstundes som det sjølvstøtt er ønskeleg at kvoten blir tatt fullt ut.

Pelagisk Forening viser til to møte 9. februar 2024 og 2. mai 2024, med Fiskeridirektoratet. Møta gjaldt gjalt loddereguleringa.

Bakgrunnen for møta var stor misnøye med reguleringa for kyst, og mykje arbeid for organisasjonane, Sildelaget og Fiskeridirektoratet.

Primært ønsker Pelagisk Forening at loddefiskeriet blir lukka, men ser at det vil ta tid. I mellomtida er det behov for ei betre regulering enn i 2024. Pelagisk Forening meiner at ei rulleringsliste er vesentleg betre enn ordninga med loddtrekning kvart år. I fisket etter havbrisling har det fungert med ei rulleringslista, i staden for årlege trekningar.

Pelagisk Forening viser òg til Fiskeridirektoratet sitt brev, av 4.4.25, til NFD. Direktoratet skriv at «Fiskeridirektoratet foreslår at man ser nærmere på innføring av en rulleringsordning, som på sikt kan kombineres med andre virkemidler. Strengere kriterier for påmelding vil også være nødvendig ved innføring av en rulleringsordning.»

Fram til fiskeriet blir lukka støttar Pelagisk Forening direktoratet sitt forslag. Pelagisk Forening ber om at direktoratet opplyser kva kriteria direktoratet ønsker for påmelding. Ei god byring er å vurdere om kvart enkelt fartøy er egna og utrusta for loddefiskeri.

Pelagisk Forening ber òg om at forslaga, og tiltaka, som blei foreslått på møtet 9. februar 2024 blir følgt opp. Dette gjeld m.a. strømming av eventuell loddtrekning, òg ei vurdering av om påmeldte fartøy er egna og utrusta for fiske etter lodde.

For ringnotgruppa bør det unngåast regulering som medfører at ein restkvote står att på slutten av sesongen slik som i 2024.

I 2024 blei dei fleste ringnotfartøya ferdig med kvotane sine, men når sesongen nesten var over, var det 1438 tonn att i gruppa. Årsaka var truleg underregulering.

Tre fartøy i ringnotgruppa kunne få eit tillegg på 500 tonn etter loddtrekning.

Tre fartøy tok turen nordover og fekk fiska det meste av resterande kvantumet. Slike «eksstraturar» er krev ekstra bunkers, gjev ekstra kostnader, og ekstra utslepp. Slike lange ekstraturar, for å fiske restkvantum, bør difor unngåast. Sesongen var òg på tampen, og då var lodda ikkje av konsumkvalitet. Underreguleringa hadde uheldige verknadar, og når dette skulle retast opp att refordelte direktoratet for seint.

Pelagisk Forening meiner at loddefiskeriet ikkje bør underregulerast.

Pelagisk Forening minner om direktoratet sitt prosjekt for meir klimavennleg regulering. God loddereguleringa kan vera ein «lågthengande frukt» i så måte.

Bergen: 15.10.25.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar